



**Naturvernforbundet**

Hordaland

## UTTALE FRÅ ÅRSMØTET I NATURVERNFORBUNDET HORDALAND 25.03.2023:

### Me krev kartlegging og fjerning av ammunisjonen i Osterfjorden

Til: Forsvarsministeren

Kopi til: Utanriks- og forsvarskomiteen, pressa

Avisa Nordhordland dokumenterer 15.03.23 at store mengder tysk ammunisjon frå krigen er dumpa i Osterfjorden mellom Bjørsvik i Alver kommune og Bernestangen i Osterøy kommune. Så lenge ammunisjonen ikkje er gjennomrusta, er sprengkrafta framleis like stor som då han var ny. Like sikkert er det at ammunisjonen inneheld miljøfarlege stoff som før eller sidan vil lekka ut i miljøet, m.a. bly og kvikksølv.

Forskar Arnt Johnsen ved Forsvarets Forskingsinstitutt (FFI) seier at utan grundigare undersøkingar er det uråd å veta noko sikkert om kva som ligg på botnen i Osterfjorden. Slike undersøkingar ønskjer FFI å gjera gjennom ammunisjonsdump-prosjektet sitt, men prosjektet vantar pengar og er planlagt avslutta.

Årsmøtet i Naturvernforbundet Hordaland bed forsvarsministeren syta for midlar slik at ammunisjonsdump-prosjektet kan halda fram.

Årsmøtet bed vidare om at Osterfjorden får høg prioritet i prosjektet.

Ammunisjonsdeponiet i Osterfjorden er ei tikkande miljøbombe. Før det skjer lekkasje av til fjorden, må Forsvaret i samarbeid med Kystdirektoratet syta for fjerning av ammunisjonen og andre eksplosivar.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland sitt årsmøte 2023

Kontaktperson:

Leiar i Naturvernforbundet Nordhordland Jan Nordø (forslagsstillar)

[jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no) | 926 43 518